

Rygjavegen

Nr. 1 - mars 1988

Bedriftsblad for Statens vegvesen Rogaland



Av innholdet:

- Norsk veg — og vegtrafikkplan 1990-93
- Bokn landfast 1. juni 1990
- Nye bruer i Skjoldastraumen
- «Heimegjort», godt og billig på Nærbø



RYGJAVEGEN

BEDRIFTSBLAD FOR
STATENS VEGVESEN ROGALAND

Nr. 1 – mars 1988

Redaktør

Harald Sel

Redaksjonsråd

Georg Eie

Tormod Nag

Mette Skjerve

Ole Tambarstuen

Solveig Yndesdal

Layout

Harald Sel

Sats og trykk

Allservice A/S

Opplag

1500 eksemplarer

Fransidefoto:

●pning av Skjoldstraumen bruer. Formann i Fylkessamferdselsstyret, Arne Sandnes klipper snora, assistert av ordførar i Tysvær, Mandrup Hovland (t.v.) og vegvesenets formann på anlegget, Petter Vik.
(Foto: Harald Sel)

Bakside:

Det eine tunnel-laget på Ropeidanlegget i Suldal. Frå venstre: Halvarø Jorøbrekk, Rune Nerheim, Jon Haugslund, Jakob Tednes, Otto Lunne og formannen Magnus Welsin.
(Foto: Bjørn Sandvik)

INNHALD

- 2 Vegarbeidaren er ingen vits
- 3 Kvalitetssikring
- 4 Norsk veg- og vegtrafikkplan 1990-93
- 5 «Heimegjort», godt og billig på Nærbø
Den nye tidens stemplingsur
- 6 Bokn kommune landfast 1. juni 1990
- 8 Biltilsynsutvalget 1987
Utbetring av Stegabergvegen
- 9 Anleggs-nytt på Sand-området
- 10 Vegen til Ropeidhalvøya
Det «Nye» emblemet
- 11 Utmerkingar for lang teneste på Tau
- 12 Nye bruer i Skjoldastraumen
- 13 Storlygaren
- 14 Krafttak for effektivt EDB-bruk
- 15 Eigenregikalkyler — suksess i Rogaland
- 16 Omorganiseringen av vedlikeholdsavdelingen
- 17 Mi meining
- 18 Opplæring til maskinførar-fagprøve
- 19 Ferjefritt Egersund-Kristiansund
- 20 AMU-befaring til Sogn og Fjordane
- 21 Ras ved Ørsdalstunnelen
- 22 Kontor for kvalitetssikring
- 24 Kryssord
- 25 Sykkelvegar gir flere kryssulykker
Andakt
- 26 Sensor-seminar i Haugesund
Personalnytt
- 28 «For mykje folk hos vegsjefen?»
- 29 Vegbrukarspalta
Utvidet fylkesvegnett og fylkes-vegsjef
- 30 Politikarkommentaren
Innholdsrikt år for pensjonistforeningen
- 31 Tillitsmannens spalte

Vegarbeidaren er ingen vits

Har du høyrte historien om postmannen som var ute på omberingsrunden og traff Ola? Dei slo av ein liten prat attmed mjølkerampa. Dette var under elgjakta, og Ola kommenterte.

— Det er farlig nå. Dei skyt på alt som rører seg.

— Å ja, det er enda verre, kunne postmannen fortelja.

— Nå skyt dei til og med på det som ikkje rører seg. I går skaut dei ein vegarbeidar oppe på heia.

Det fins mange vegarbeidar-vitsar, og me ler godt av dei. Men på den andre sida: Heilt hamlause er dei nok ikkje. Hos nokon kvar kan det vel ha bygt seg opp haldningar om den giddalause og late vegarbeidaren.

Dette er langt frå sanninga. Dei aller fleste vegarbeidarene har vore trugne og hardtarbeidande slitare. Og slita måtte dei, så lenge det meste måtte gjerast med handa-makt.

I dag har maskinane overtatt, med mindre slit. Men andre problem, som enkelte belastningsskader, har kome i staden. Men i dag som i tidlegare tider: Vegarbei-

daren gjer eit arbeid og ein innsats, som alle bør ha den aller største respekt for.

I dette nummer av Rygjavegen har me ein artikkel om eigenregikalkyler. Den viser at vegvesenet ikkje berre har fått arbeid i konkurranse med private entreprenørar, men arbeida er også utført til kostnader som til dels ligg langt under anbudssummen.

I ein anna artikkel kan me fortelja om dugnads-arbeid av dei tilsette ved Nærbø vegstasjon, for å få reist eit nytt og rimeleg administrasjonsbygg.

Me kan også lesa om arbeidsfolk som på fritida legg ned eit omfattande studie-arbeid for å gå opp til eksamen til maskinførar-fagprøven. Me veit at dette er folk som frå før er svært dyktige. Vil du ha ei estetisk oppleving, så still deg opp nokre minutt og studer ein av dei dyktige maskinførarane våre i arbeid.

Nei, det er så visst ingen sidrumpe etat me arbeider i. Om styresmaktene berre tilfører oss ressurser, er det ikkje vegarbeidaren det skal stå på for å få realisert dei mange uløyste vegprosjekta i fylket.

Harald Sel

Kvalitetssikring

Av driftsjef Arne Njå

I Statens vegvesen i Rogaland er kvalitetssikring et av våre 4 satsingsområder.

Det er meningen at kvalitetssikring ikke bare skal angå driften, men alle avdelinger og seksjoner i Statens vegvesen i Rogaland. Alle stillingsgrupper vil bli berørt.

Norsk Standard 5801 definerer kvalitetssikring slik:

«Alle systematiske tiltak som er nødvendig for å sikre at kvalitet blir planlagt og oppnådd.»

Når vi skal få oversikt over hvilke tiltak som er nødvendig for å sikre kvalitet for de enkelte prosjekter, må vi tenke gjennom og få klarlagt følgende:

- Hva skal gjøres?
- Hvordan skal det gjøres?
- Hvem skal gjøre det?
- Kontroll av utførelsen.
- Dokumentasjon av data.
- Vurdering av resultat.

I Statens vegvesen Rogaland har vi etablert et nytt kontor som skal hjelpe til med innføring og videre arbeid med kvalitetssikring i fylket. Avd.ing. Knut Nyland er leder av dette kontoret, og han har nå en tid arbeidet med kvalitetssikring.

Kvalitetssikring har vi hatt i vegvesenet i lange tider, men systematisk kvalitetssikring er nytt i vegvesenet og også i andre etater. Da vi som sagt også tidligere har hatt kvalitetssikring i vegvesenet, vil arbeidet nå i stor utstrekning bestå i å samle og systematisere det stoff som allerede foreligger og bruke det.

Det meste av det stoffet vi trenger finnes i våre håndbøker, lover og avtaler, forskrifter, retningslinjer og veiledninger. I tillegg til dette vil jeg nevne prosesskoden og rutiner.

Når vi skal i gang med kvalitetssikring vil det bli stort behov for informasjon og opplæring. Vi har behandlet kvalitetssikring i ledermøte. Emnet har vært nevnt i Rygjavegen, og i dette organ må vi komme tilbake i denne saken senere.

Nyland vil ta kontakt med avdelingene for å samle nødvendige opplysninger og kartlegge forholdene.

Vi har allerede satt i gang kvalitetssikring i tunneldriften. Dette området er valgt bl.a. av den grunn at det her allerede foreligger en kvalitetssikringshåndbok om vegtunneler.

I Statens vegvesen i Rogaland har vi også innføring av målstyring som et av våre satsingsområder. I forbindelse med målstyring er det nødvendig for den enkelte medarbeider å ha oversikt



over de opplysninger som er nødvendige for å kunne styre sin virksomhet mot de mål som er satt. De samme opplysninger er det nødvendig å ha oversikt over i arbeidet med kvalitetssikring. Kvalitetssikring vil således være et godt hjelpemiddel i arbeidet med å få innført målstyring i vår virksomhet. Ja, delvis vil kvalitetssikring og målstyring være samme sak.

I driften utarbeides driftsplaner for de ulike tiltak. Driftsplanene vil være til god hjelp i vårt arbeid med kvalitetssikring.

Når vi skal gå videre med kvalitetssikring vil det være viktig å satse på de riktige prosjektene. Det må utarbeides kriterier for valg av prosjekter. Videre vil det bli nødvendig at de enkelte avdelinger utarbeider sine kvalitetssikringshåndbøker, dessuten må det utarbeides kvalitetssikringshåndbøker for de enkelte tiltak.

Vegdirektoratet har nå utarbeidet forslag til kvalitetssikringshåndbok for produksjon av veg.

Kvalitetssikringskontoret ved vegkontoret arbeider for tiden bl.a. med materiale som kan bli til hjelp i arbeidet med kvalitetssikringshåndbøker på ulike nivå.

Kvalitetssikring er ment å være et hjelpemiddel slik at vi skal bli i stand til å lage riktig produkt til riktig tid og til riktig pris. Med kvalitetssikring vil vi kunne bli en mer effektiv virksomhet som bedre vil kunne hevde oss i det konkurransesamfunn vi befinner oss i.

For den enkelte medarbeider vil innføring av kvalitetssikring være en prosess som krever innsats. Men for den som har satt seg inn i systemet og som er kommet gjennom prosessen vil kvalitetssikring være en god hjelp og støtte i det daglige arbeidet.

Norsk veg- og vegtrafikkplan 1990-93:

Mange uløste prosjekt – små investeringsrammer

Av Leif Lindefjeld

Arbeidet med revisjon av norsk veg- og vegtrafikkplan er nå inne i den avsluttende fasen. Vegsjefens forslag for Rogaland vil bli lagt fram for Fylkes-samferdselsstyret i denne måneden. Fylkestingbehandlingen blir i juni. Første juli er fristen for vegsjefens endelige forslag, som oversendes Vegdirektoratet sammen med uttalelser fra de politiske instanser. Vegdirektoratet på sin side skal ha sitt forslag til Samferdselsdepartementet ferdig i oktober. Departementet utarbeider så en stortingsmelding, som får sin behandling i Statsråd og i Stortinget under vårsesjonen 1989.

Når det gjelder investeringsprogram for Rogaland fylke i perioden 1990-93, bærer dette preg av små rammer i forhold til de mange uløste og høgt prioriterte oppgavene. Den oppgitte investeringsrammen for perioden er på 440 millioner 1987-kroner.

Vegsjefens forslag til investeringsprogram (basisprogram), som vil bli lagt fram for lokal politisk behandling, går fram av tabellen. I dette programmet er følgende forutsetninger lagt til grunn.

- Rv. 13 Ropeid-Øvrabø, vegutløsning for Ropeidhalvøya, 15 mill. kroner er medtatt 1990-93.

I tillegg er prosjektet prioritert med 1. marginalprosjekt med 10,0 mill. kroner. Dette i henhold til Stortingsprop. der 10,0 mill. kroner forutsettes bevilget ekstra til Rogaland.

Vi forutsetter dessuten i tillegg til dette, forskuddteringer fra Suldal kommune på 20 mill. kroner. Hele prosjektet Øvrabø-Jårvik-Lovraeid er kostnadsregnet til 115 mill. kroner, inkl. Sandsfjordbrua og sikring av rasparti på Rv. 517 ved Lovraeid.

- Avtale med Tungenes ferjeterminal A/S forutsettes endret slik at refusjon til TFT på 53 mill. kroner fra Boknprosjektet utsettes til etter 1993 mot reduksjonen av forskottering på 10,0 mill. kroner.

Investeringsprogram NVVP 1990-93

(Forutsetning: Refusjon 53. mill. Boknprosjektet utsettes til 1996-98.)

Prosjekt	Restoverslag pr. 1.1.1990	1990-93
Refusjoner:		
Rv 46 Omlegging ved Kårhus	2,0	—
Rv. 14 Ytre Ringv. Vest	33,0	26,0
E 18 Stavanger sentrum	134,0	67,0
Rv. 509 Madlavegen	2,0	2,0
Rv. 44 Boganes-Stavanger	1,0	—
Sola kommune, div. prosjekt	35,0	5,0
Rv. 512 Bokn-prosjekt	53,0	—
Rv. 512 Aksdal-Susort	13,0	13,0
Rv. 504 Varhaug-Bue	1,0	1,0
Rv. 505 Nærbø sentrum	1,0	1,0
Rv. 13 Ropeid-Øvrabø	17,0	—
Rv. 44 Omkjøringsveg Bryne	7,0	2,0
SUM	299,0	117,0
Bundne prosjekt		
Rv. 512 Bokn-prosjekt	50,0	50,0 1)
Rv. 13 Nesvik ferjeleie	6,0	6,0
Rv. 13 Ropeid-Øvrabø	25,0	15 + 10 2)
E 18 Hove-Sandved	7,0	7,0
E 18 Osli-Hove	51,0	36 + 15 3)
Trafikksikring		40,0
Gang- og sykkelsti + kollektivtr.		20,0
Støy		8,0
Planlegging		20,0
Mindre utbedringstiltak		10,0
Til disposisjon		10,0
SUM	139,0	222,0
Øvrige prosjekt		
Rv. 13 Øvrabø-Jårvik-Lovraeid	115,0	0,0 4)
E 18 Hinna-Forus, 4-felt inkl. kryss	60,0	25,0
Rv. 14 4-feltsveg Haugesund	13,0	13,0
E 76 Omlegging ved Isvik	10,0	10,0
Rv. 13 Vatnekrossen-Hove X E 18 5)	50,0	33,0
Rv. 13 Lysefjordbrua 5)	50,0 6)	20,0
SUM	288,0	101,0
Tildelt ramme		440,0

1) Vegsjefens hovedforslag der refusjon til Bokn-prosjektet er utsatt til etter 1996.

2) Forutsetter at rammene utvides med 10 millioner kroner.

3) Forutsetter at Sandnes kommune forskotterer 15 millioner kroner mot refusjon i 1998-2001.

4) Forutsetter at Suldal kommune kan forkottere inntil 20 mill. kroner bl.a. til sikring av Rv. 517 ved Lovraeid.

5) Dersom forutsetningen med utsatt tilbakebetaling av 53 mill. kroner til Bokn-prosjektet ikke går i orden, vil prosjektene falle ut.

6) Forutsetter forskott/tilskott fra Forsand på 30 mill. kroner.

Nytt kontorbygg på vegstasjonen

«Heimegjort», godt og billig på Nærbø



På ein av dei mest forblåste laurdagane i november, stilte heile personalet ved vegstasjonen til dugnad og gjorde unna taktekinga.

Tekst: Harald Sel Foto: Njål Hanasand

Nærbø vegstasjon har fått nytt kontorbygg. Dei kummerlege forholda, både for arbeidsfolk, kontorphersonale og publikum er slutt. Det nye bygget er på 200 kvm, og inneheld 4 kontor for oppsynsfolka i tillegg til arbeidsplassar for kontorphersonalet.

Inngangshallen er på vel 50 kvm, og kvadratisk med dagslys frå eit takvindu i midten. I hallen er det plassert skranke og sofakrok på ein smakfull måte. Her bør publikum kunne føla at dei er velkomne.

Framtidsretta

I nybygget er det lagt til rette for framtidige tekniske installasjonar i samsvar med intensjonane for 90-års vegstasjon (detektorar i vegen for måling av temperatur t.d.).

Mykje for pengane

Den måten Nærbø vegstasjon har realisert husprosjektet på, er lagt merke til både innan- og utanom vegetaten. Den totale kostnaden for bygget er oppsiktsvekkande låg, ca. 1 million kroner. Og æra for at vegvesenet har fått så mykje for pengane; den er det dei tilsette ved vegstasjonen som skal ha. Så godt som alt er nemleg «heimegjort», frå ide-skisse for bygget til ferdig hus. Rett nok gjorde Nærbø Trelast A/S ferdig teikningane, på grunnlag av personalet si skisse. Det kosta 6000

kroner. Men dette er også dei einaste konsulent-utgiftene ein har hatt ved prosjektet.

Dugnad

At vegstasjonen har snekkjarar og altmulig-folk mellom dei tilsette, er kanskje ikkje så oppsiktsvekkande. Meir sjeldan er det at dei tilsette bestemmer seg for å gjera dugnadsarbeid. På ein av dei aller suraste laurdagane i november blei taktekinga unnagjort, med full oppslutning frå heile personalet. Seinare tok dei nok ei dugnads-økt, og gjorde unna isoleringsarbeidet.

— Me er så glade for at me får meir plass og betre arbeidsforhold, at me gjerne tek denne ekstrainsatsen, sa ein av arbeidarane. Og i det synet fekk han tilslutning frå kolegene. Ei slik innstilling fortel mykje om etats-kultur og godt arbeidsmiljø.

Gamlebygget

Det ledige arealet i gamlebygget, vil det bli god bruk for. For det første skal arbeidsfolket få avkledningsrom, tørkerom og dusj. Tidlegare har dei bare hatt ei brakke for å ivareta desse viktige velferds-behova.

Elles skal biltilsynet leiga areal på Nærbø vegstasjon. I kor stor grad folk på Jæren skal kunne reisa til Nærbø i biltilsyns-ærend er ikkje heilt avklara.

Den nye tidens stemplingsur

Du verden for en «finurlig» sak, her kan man kode seg til og fra det meste.

Og så enkelt, ja for hvem da? (Om jeg tør spørre.) Det sier brosjyren ikke noe om!

Her må jeg trykke riktig ellers kan det se ut som jeg har sovet over på kontoret, eller ikke møtt i det hele tatt.

Vet ikke hva som er best jeg, men «ikke møtt» måtte bli det beste for meg. For å være her alene om natten tør ikke jeg (selv i tankene).

Jo, forresten om f.eks. Vegsjefen ble igjen, han er så stor og dessuten har han snille øyne. Da kunne vi kode oss på «Tjeneste» (nr. 1) neste dag.

Eller for å si det på en annen måte, det er jo mye sosialt ved det nye uret. Hva om det kom opp en kaffe-automat der også! Det kan bli noe venting.

Rein-Larsen er en hyggelig fyr, og han har et alle tiders utgangspunkt til å bli kjent med oss alle. Det kan bli de helt store problemer (les oppgaver) og løse . . .

Dessuten er det fin trim å løpe opp og ned alle trappene, han vil helt sikkert føle seg i kjempeform frem på våren. Takket være «uret».

Det må være ganske effektivt dette, men ikke så rasjonaliserende kanskje? Det kommer forresten an på øynene som ser . . . Og hvorfor skal det være enkelt, når det kan gjøres vanskelig.

Jeg synes dette er topp, vi har et felles problem å samle oss om. Litt tid kan det ta, men penger er ikke alt . . .

Og det viktigste må vel være at det merkes når vi IKKE er tilstede.

Turid på VV
19.11.1987

PS! Kast blyanten, vi lever
i plast-kortenes tid. D.S.

To av ett halvt års konsentrert anleggsdrift

Bokn kommune landfast 1. juni 1990

Tekst: Rune Sandven Foto: Jakob Høyland og Rune Sandven

Fra september 1986 har arbeidet vært i gang med å bygge ny Rv. 512 fra Susort i Tysvær kommune til Arsvågen på Vestre Bokn i Bokn kommune. Prosjektet vil gjøre Bokn kommune landfast og åpne for hurtigere forbindelse mellom nord- og sør-fylket.

Ferjekai med molo

Singel & Grus A/S fikk den første jobben med å frakte stein på lektere fra Tau til framtidig ferjekai i Årsvågen. 155.000 anbrakte m³ ble tippet i sjøen mellom fastlandet og Solholmen for å lage tilstrekkelig fundament for den plastringsjobben som skulle starte senere.

Arbeidet med å plastre moloen i Årsvågen tok til i mars 1987. Firma Vassbakk og Stol A/S fikk entreprisen på denne jobben. For å skaffe stein til plastringen ble det sprengt ut masse i det området som skulle bli framtidig oppstillingsareal og parkeringsplass for biler.

Moloen ble ferdig som planlagt i desember 1987. Oppstillings- og parkeringsarealet er delvis utplanert, men arbeidene vil ikke starte igjen i Årsvågen før i midten av 1989.

Start på Susort og Ognøy

I løpet av mai 1987 startet to parseller samtidig.

Veg på Susort ble satt ut på entreprisen til firma Vassbakk & Stol A/S på Karmøy. Det viktigste i denne jobben var å fylle masse 200 m ut i Frekasundet.

Samtidig startet vegvesenet vegbyggingen på Ognøy som er den første øya som blir landfast i dette prosjektet. For begge disse jobbene var det vesentlig at fundamentarbeidene for landkar til Frekasundet bru var ferdig i korrekt tid.

Frekasundet bru

I august 1987 ble anbudet for Frekasundet bru annonsert. Entreprenørene stod fritt når det gjaldt å foreslå hvilken brutype som var best. Det ble foreslått forskjellige kombinasjoner av stål og betong.

Stoltz Røthing A/S i Haugesund i samarbeid med Meråker verk og Taugbøl og Øverland A/S fikk jobben til en pris av kr. 25.953.123,-. Brua blir en samvirkekonstruksjon av stål og betong. Den blir fundamentert på stål-

pler, med langsgående stålbjelker øverst. Dekket blir prefabrikerte betongbjelker med slitelag av betong.

I løpet av januar 1988 vil begge landkar være ferdig støpt, og arbeidet med å ramme stålperler ned i bunnen av Frekasundet startet i februar.

Stor aktivitet i 1988

På Ognøy, der vegvesenet gjør alt arbeid selv, har arbeidene gått som planlagt. Hele jobben er beregnet til ca. 15 millioner kroner, med 5 millioner i 1987 og 10 millioner kroner i 1988.

Pr. i dag har vi 10 anleggsmaskiner i arbeid, av disse er fire stk. egne («gule») maskiner. I den siste tiden har vi forsøkt å få inn tyngre og større



Fra anlegget på Ognøy. I forgrunnen står formann Sverre Kvinnesland.



Parsell av den nye rv. 512 ved Susort fra fyllinga og innover mot land.

gravemaskiner enn de vi har hatt tidligere. Dette vil vise igjen i kortere byggetid og dermed sparte penger.

I begynnelsen av januar gjorde vi strandhugg på Austre Bokn, der hovedtyngden av vegarbeidet vil skje i 1988. Her skal vi til høsten drive en 600 m tunnel. En større massefyllingsjobb skal også utføres i løpet av året.

Økonomi

Finansieringsplanen for anlegget er nå godkjent av Stortinget. Tungenes ferjeterminal skal forskottere og yte tilskudd til prosjektet. I tillegg blir det behov for ordinære vegbevilgninger mot slutten av anleggsperioden.

Totalt vil anlegget koste 196.3 millioner kroner (i 1988 kr.) og det årlige pengeforbruk er foreslått til følgende:

Millioner kroner

1986	1987	1988	1989	1990	1991
3.3	24.0	60.0	62.0	35.6	11.4

Den 1. juni 1990 skal etter planen vegen åpnes for trafikk. Pr. i dag er det intet som tyder på at dette ikke vil holde. Det er imidlertid store arbeider mot slutten av anleggsperioden, både når det gjelder veg, bruer og kaier. Tidspresset vil nok øke betraktelig mot slutten av prosjektiden.

Bemanning

Pr. i dag er vi 4 stk. i prosjektledelsen.

Prosjektleder, kontrollring., oppsynsmann og førstekontorfullmektig. I tillegg til dette kommer den hjelp prosjektledelsen har fra planavdelingen, grunnsseksjonen og anleggsavdelingen på vegkontoret.

Ute i driften har vi 1 formann, 2 spesialarbeidere, 4 maskinførere og 2 lærlinger.

For å ta alt arbeid på Austre Bokn i egenregi, vil vi ta inn 2-3 spesialarbeidere på engasjement.

Av de 60 millioner kroner som det er planlagt å bruke i år, vil ca. 37.0 millioner kroner gå til entrepriser. 23.0 millioner kroner vil bli brukt i egenregi. Hittil har alt gått etter planene, og igangsette anlegg er blitt ferdige til rett tid.

Selv om en del sluttarbeider vil bli utført høsten 1990 og våren 1991 er vårt store mål at vegen mellom Susort og Årsvågen skal åpnes for trafikk den 1. juni 1990. Dette vil være starten på en bedre og hurtigere forbindelse mellom nord- og sør-fylket, noe som det har vært behov for lenge. Ikke minst vil Bokn kommune, som endelig blir landfast, ønske sambandet velkommen.



Fra anlegget på Ognøy. Vegvesenets gravemaskin, Cat 315, med fører Olav Tørresdal.



Skyssbåtfører Lars Sigmund Alvestad.

Framdriftsplan

	1987	1988	1989	1990
Veg på Susort	—			
Frekasund bru	—	—		
Veg over Ognøy	—	—		
Ognøysundet bru		—	—	
Veg over Austre Bokn		—	—	
Boknasundet bru			—	—
Veg over Vestre Bokn			—	—
Årsvågen ferjeleie			—	—

Biltilsynsutvalget 1987

Tiltak til fremme av etatens hovedmål

Av Reidun Lanne

I Stortingsmelding nr. 18 om trafiksikkerhet og trafikopplæring er det sagt at det skal foretas en gjennomgang av biltilsynets samlede virksomhet for å øke effektiviteten og kunne møte de servicekrav som stilles. For dette formål oppnevnte Vegdirektoratet et eget utvalg.

Utvalget har bestått av:
 Trafikkdirigtor Olav Sæfteland,
 Vegdirektoratet (formann)
 Avdelingsdir. Aksel Bruun,
 Vegdirektoratet
 Underdirektor Hermond Tenold,
 Vegdirektoratet
 Vegsjef Odd Bardal, Sør-Trøndelag
 Biltilsynssjef Kjell Hasselgren,
 Hordaland
 Stasjonsjef Erik Nerli, Finnmark
 Seksjonsleder Reidun Lanne, Rogaland
 Pedagogisk konsulent Henny Wåle,
 Østfold

Avdelingsing. Knut Arne Henriksen,
 Troms
 Overing. Rolf Flatum, Oslo

Fra organisasjonene:
 Stasjonsjef Magne Noet, Oppland
 Seksjonsleder Kåre Myklebust,
 Sogn og Fjordane

Sekretær:
 Kontorsjef Arild Nesdal, Vegdirektoratet

Mandat
 Utvalget skal fremme forslag om

hvordan biltilsynet skal bidra til å nå de fire hovedmålene for Statens vegvesen:

- God fremkommelighet
- Høy trafiksikkerhet
- Godt miljø
- God publikumsservice

I arbeidet skal det legges spesiell vekt på å styrke biltilsynets arbeid med trafiksikkerhet og publikumsservice.

Det skal drøftes hvilke arbeidsoppgaver biltilsynet skal prioritere, nåværende og eventuelle nye oppgaver. Videre skal det drøftes hvilke oppgaver som kan reduseres eller utelates helt, mer hensiktsmessig overføres til andre, eller på annen måte gi en betydelig rasjonaliseringsgevinst.

Som grunnlag for utredningen skulle utvalget bl.a. kartlegge meninger om, og forventninger til biltilsynet hos de ansatte i biltilsynet, Statens vegvesen forøvrig og en del eksterne samarbeidspartnere.

Videre skal også utvalget legge til grunn de retningslinjer som er trukket opp i aktuelle offentlige dokumenter som St.meld. 58 om Norsk vegplan 86-89, St.meld. nr. 18 om trafiksikkerhet og trafikopplæring, og tilhørende innstillinger og referat fra behandlingen i Stortinget om retningslinjene for Norsk veg- og vegtrafikkplan 1990-93, og liknende.

Satsningsområder

En del aktuelle satsningsområder for biltilsynet i fremtida er:

- 1) Bilpolitikk
- 2) Trafikkantopplæring
- 3) Trafikkantinformasjon
- 4) Kjøretøykontroll
- 5) Publikumsservice
- 6) Miljøkontroll
- 7) Forbrukerveiledning
- 8) Transport

Ved gjennomgang av innkomne uttalelser ser vi at følgende saker er mest omtalt:

Publikumsservice:

- Åpningstid
- Løngdag
- Systemet med innlevering av originalkvittering
- Samarbeid med resten av vegvesenet

Kjøretøykontroll

Alle mener at utekontrollen bør økes, og særlig da kontrollen av tunge kjøretøy.

Utbetring på Stegabergvegen



Stegabergvegen i Tysvær kommune, mellom Akdsal (E 76) til Høye, er ein av dei mange fylkesvegane med heller dårlig standard. Særleg har ein strekning på ca. 400 meter mellom Våge og Høye vore ei skrekken oppleving for skulebarn og andre mjuke trafikantar. Nå er denne parsellen utbeta. Tysvær kommune forskotterte kostnadane, ca. 900.000,-. Om ikkje fylkets veganleggs-budsjett blir betrakteleg auka i åra frametter, kan det ta lang tid før kommuner får desse pengene tilbakebetalt.

Anleggsarbeidet på Stegabergvegen blei utørt av entreprenøren Tveit Maskin frå Sveio. På biletet ser me entreprenør Toralf Tveit til venstre saman med ledar for nordre anleggsdistrikt, Olav Kleven, under ei synfaring på anlegget i november 1987.


(Tekst og foto: Harald Sel)



Ikkje berre Ropeid-anlegget

Anleggs-nytt frå Sand-området

Tekst og foto: Bjørn Sandvik



Sikringsgjengen i Suldalsporten tunnel. Frå venstre: Lars Roaldkvam, Sigmund Vårvik og Øystein Austarå.

Utvalget går inn for en selektiv utvelgingsmodell, f.eks. tyngre kjøretøy, gamle personbiler, biler med hyppig eierskifte, kjøretøy som eies av unge bilførere, utkjørte distanser.

Alle ønsker at bilverkstedene fremdeles skal kunne drive etterkontroll.

Gebyrmyndighet

Det var stor spredning i svarene om biltilsynet skal ha gebyrmyndighet. De fleste mener at biltilsynet skal være rettleder. Utvalget har gått inn for at biltilsynet får gebyrmyndighet for følgende ting:

- Manglende bruk av bilbelte
- Manglende bruk av hjelm
- Bruk av dekk med mønsterdybde under 1 mm
- Unnlatelse av å ha med vognkort
- Unnlatelse av å ha med førerkort
- Unnlatelse av å ha med mopedførerbevis.
- Ulovlig bruk av piggdekk og kjettinger.

Økonomi/finansiering

De fleste er inne på vanskelighetene

biltilsynet har med bare administrasjonsbudsjettet. En finansiering over driftsbudsjettet burde være den beste løsningen.

Utvalget går inn for at biltilsynet finansieres gjennom vedlikeholdsbudsjettet.

Trafikantopplæring

Alle er enige om at tilsynet med kjøreskolene må bli bedre. Utvalget går inn for at tilsynsarbeidet økes fra 10 dagsverk til 24 dagsverk.

Utvalget går inn for at kjøreskolene ikke får eksamensrett til førerprøven. Det er også delte meninger om dette blant de ansatte. Noen mener at kjøreskoler med høyt faglig nivå, bør få førerprøverett.

Når det gjelder trafikantveiledning ønsker alle at den trafikale delen av kontrollvirksomheten må økes betraktelig. Dette er også noe som utvalget går inn for og en mener at dette er en arbeidsoppgave som bør prioriteres høyt i de kommende år.

Bilpolitikk

Det er få som mener at biltilsynet/Vegdirektoratet bør engasjere seg i bilpoli-

På Suldalsvegen har det vore 6-7 mann i arbeid i hovedsak med vassikringsarbeid. I forbindelse med anbudet på Røynevarden halvbru fekk me anbudet i konkurranse med andre entreprenørar. Eigenregiarbeidet var interessant og vegvesenet tjente pengar. Arbeidet var ferdig til rett tid og formodentleg til rett kvalitet. Byggherren var representert av ei nøytral gruppe frå Vegkontoret.

Sikringsarbeidet på Suldalsvegen skal inntil vidare avsluttast i mars 1988.

Gang og sykkelstien i Saudasjøen skal startas opp i juni, dersom finansieringsplanen vert i orden.

Nytt av året er personalplanen med manifest. Målstyring er ein viktig leiarform, der ein kan gjera avtalar med det enkelte ledd i organisasjonar og lag om å sette mål som kan registrerast. Det er viktig at måla blir realistiske og konkrete.

Til å begynne med har vi fått som satsingsområde:

- Kvalitetssikring av tunnel.
- Ferdigstillelse av alle arbeida som ikkje er ferdige.



tikk. De fleste mener dette er et politisk spørsmål.

Miljøkontroll

Biltilsynet er positive til at miljøkontroll blir et nytt arbeidsfelt i fremtiden og ser det som en naturlig oppgave.

Forbrukerveiledning

Generelt ønsker en mer tid til å rettleder publikum, men dette vil kreve en vesentlig større bemanning.

Rapportutkast i mars

Dette er bare noen av hovedpunktene som har vært diskutert i utvalget.

Utvalgsarbeidet er nå nesten ferdig. Rapportutkastet skal gjennomgås på møte 18. februar 1988, slik at endelig rapport foreligger til biltilsynssjefkonferansen i begynnelsen av mars og vegsjefmøtet i midten av samme måned.

Rapporten skal på vanlig måte sendes ut på høring, så jeg er spent på det endelige resultat.

Som utvalgsmedlem har det vært givende å være med i dette arbeidet og det har også gitt meg mye kunnskap om hvordan slikt utvalgsarbeid foregår.

Vegen til Ropeidhalvøya

Fin framdrift i både fjell og friluft



Åsmund Ramsfjell med ein av dei gule bilane.

Tekst og foto: Bjørn Sandvik

Anlegget Ropeid-Øvrabø vart oppstarta frå Ropeid i juni 1986. Målet var å vera framme til påhogget for Dregstittunnelen i juni 1987, og det klarte vi.

Tunnelen er 1222 m lang, med eit tverrsnitt på ca. 50 m² og stigninga er 65 0/00 mot Øvrabø.

Fjellet i tunnelen har vore dårlig og difor har det vorte forholdsvis mykje sikringsarbeid, som er både dyrt og tidkrevande.

Ved nyttårsskifte var stoffen 611 m inne. Dette er halvveis. Etter planen skal tunnelen vera ferdig 16. mai. Vi

ligg etter tidsplanen, men vert det godt fjell i resten av tunnelen kan det rettast opp att.



Reparasjon av tunnelduken. Rune Nerheim oppå duken, i skuffa står Magnus Welsin.

Det «nye» emblemet

Vegdirektoratet melder at det gamle emblemet framleis blir brukt, både på trykksaker og ei rekke andre stader. Dette trass i at det er fleire år sidan emblemet blei endra.

Alle som brukar emblemet vårt i ei eller anna form får med dette fylgjande oppfordring: Sjekk om det verkeleg er det rette merket du brukar. Det skulle ikkje vera vanskeleg å sjå skilnaden. Studer illustrasjonen nedanfor.



Ventilasjonssystemet som blir brukt i Dregstittunnelen er nytt for Rogaland Vegvesen. Det vert kalla «sugende — blåsende» og skal vera meir effektivt. Røykproppen etter skyting skal forsvinna fortare og miljøforholda i tunnelen vert betre.

I juni skal riggen og 5-6 mann av tunnelgjengen reisa til Bokn.

Anleggsparsell Rv 13 Øvrabø-Midvikdalen vart oppstarta i juni 1987 med 4 mann og ein borerigg. Det var grovplanert ca. 1,5 km til årskiftet. Etter driftsplanen skal tunnel nr. 2 starta opp i august 1989, og innan den tid må dei siste 2,5 km vera grovplanert.

Det er bygd ein mindre brakkeleir på Øvrabø med kontor, spiserom og sanitærbrakke.

I mai-juni skal Fv. Utlebøtjødna-Soland, som skal byggast ut i samband med Ropeidvegen, startas opp. Første parsell er frå Rv. ved Utlebøtjødna til Baklitjødna.

Utmerkingar for lang teneste på Tau



Jubilantane samla i sofakroken på Vaulali, etter overrekkinga på jule-kurset for Tau vedlikehaldsrområde. Frå venstre: Osmund Helgeland (40 års teneste), Jørgen Viken (30 års teneste), Harald Østerhus (35 års teneste), Hjalmar Sæbø (25 års teneste), Olav Bjerga (26 års teneste) og Ingvald Mæland (36 års teneste).

Tekst: Harald Sel Foto: Tor S. Nordbø

Ei ny ordning med påskjøning for tilsette med 25 og 40 års tenestetid, blei sett i verk frå og med 1987.

Ved Tau vegstasjon nytta ein julekurset den 18. desember til overrekking og takk. Vedlikehaldsjef Per Kydland tok seg av gavetildelinga og takka kvar enkelt for lang og tru teneste.

Seks tilsette ved Tau vegstasjon har meir enn 25 års tenestetid. Av desse har ein, Osmund Helgeland, 40 år i vegvesenet. Nest langst tenestetid har Ingvald Mæland med 36 år.

På møtet blei det dessutan gjort ære på ekteparet Kristine og Kasper Fjelde. Kasper var tilsett frå 1. september 1946

og fram til i fjor, då han måtte førtidspensjonera seg på grunn av dårlege

bein. Kristine har vore reinhaldsassistent på vegstasjonen i 20 år. Dei fekk begge takk, gåver og blomar. Mellom anna fekk dei gåver og takk frå dei tilsette på Tau ved Lars Skjervik.




Lars Skjervik overrekker blomar og gåve til ekteparet Kristine og Kasper Fjelde frå kolegane ved Tau vegstasjon.



Nye bruer i Skjoldastraumen



Vegvesenet sine folk som har vore med på arbeidet i Skjoldastraumen, med den nye brua i bakgrunnen. Frå venstre: Johannes Wanberg, Petter Vik, Arne Lindanger, Peder Løe og Asbjørn Bakkevik.



Frå arbeidet med jernbindinga for støyping av dekke på den nye slusebrua. Arbeidet blei utført av entreprenørfirmaet Bauer Nilsen.

Tekst og foto: Harald Sel

Stille ver og vakkert solskinn, flagg frå mange stenger, full musikk frå 2 skulekorps (Straumen og Grinde) og mannjamm oppslutnad frå bygdefolket i Skjoldastraumen. Om ein ikkje visste betre, kunne ein tru det var nasjonaldagen og ikkje bruopning som blei feira i den vakre Tysvær-bygda 25. november i fjor.

Det var formannen i fylkessamferdselsstyret, Arne Sandnes, som foretok den offisielle opninga. Og det var ikkje berre ei men to bruer som dermed blei sett under trafikk. Både den gamle Skjoldastraumen bru og den gamle slusebrua fekk avløyning. Dei gamle bruene, som blei bygde i åra 1931 til 1933, hadde ein breidde på berre 2,5 meter. Den gamle slusebrua i Skjoldastraumen var elles den siste svingbrua i fylket. På same måte som Kopervik bru, blei ho nå avløyst av ei vippebru.

Dei nye bruene i Skjoldastraumen er 11,1 meter breie og lengdene er 52 og 12,2 meter. Arbeidet med bruene og


den tilstøytande vegen har kosta omlag 7 millionar kroner.

Dei gamle bruene i Skjoldastraumen var dei siste flaskehalsane på riksveg 515. Akseltrykket på denne vegen er nå skriven opp frå 8 til 10 tonns akseltrykk.

Under opningssermonien var det talar av mellom andre ordførar Mandrup Hovland og vegsjef Chester Danielsen. Som alltid ved vegopningar, var vegsjefen i godlag. Denne gongen var han attpåtil i det «gavmilde» hjørnet. Han avslutta nemleg talen med å «overrekka» den gamle brua til Tysvær kom-



Skulekorpsa frå Skjoldastraumen og Grinde skapte ein festleg ramme rundt sermoneien. Skjoldastraumen skulekorps har den gamle Skjoldastraumen bru som motiv i fana si.




Den gamle slusebrua var den siste svingbrua i fylket. Brua er demontert og lagra på Børheim vegsentrar, med tanke på museal bruk i framtida. Den nye slusebrua, som på biletet er under bygging til høgre for den gamle, er ei vippebru.

mune. — Den skal de gå i gåve, heilt gratis. Eg håpar de tek godt vare på henne, sa vegsjefen. Nokon spontan glede frå ordføraren over gåva, regi-

strerte me ikkje. Men så hadde då også eit fleirtal i Tysvær kommunestyre veka før gått inn for at den gamle brua skal fjernast.



Storlygaren



Hendelsen stammer frå indre Ryfylke, og med tilknytning til ein særleg kald vintermorgen der. Frakteskuta var frosset fast i isen i løpet av helga, men nær råka etter rutebåten. Gammel-Andreas sjøl stod med spett i hand nær skutesida for å løyse henne or det iskalde frammtaket. Han hadde tau kring livet og eit par av mannskapet stod på dekk og heldt i andre enden av taukveilen.

Brått gav isen etter og Andreas plumpa igjennom. Han sokk som ein stein så langt tauet rakk. Dermed sansa kameratane seg og byrja hale kameraten opp. Men Andreas var uventa tung og brått seier Store-Petter, seinare mykje kjend skipper:

— Eg ska forplikta meg på at han ikkje har slept spettet!

Det stemte. Då Andreas endeleg skaut opp mellom småisen ved skutesida heldt han spettet mellom hendene.

Når Store-Petter seinare fortalde historien la han til: — Han Andreas måtte ha vore voldsomt djupt og han hadde sand i augnebrynene då me fekk han opp!

Ellers har eg funne lista! Plunder! Nestemann på den var Thorleif Prestegård.

Helsing
Johan Berentsen

Krafttak for effektivt EDB-bruk

Program for utbygging og samordning

Av Bergfinn Fyljesvoll

EDB er etterhvert blitt et viktig hjelpemiddel i vegvesenet i Rogaland. Etter en del skepsis da vi fikk det første Norsk Data 530-anlegget i begynnelsen av 1985 har bruken av anlegget bare øket, og er nå helt overbelastet.

I tillegg har biltilsynet i Stavanger en Norsk Data 110 Compact. Til denne maskinen er biltilsynet i Sandnes tilkoblet. Også denne maskinen er sterkt overbelastet.

Alle biltilsynstasjonene har vært tilkoblet Statens Datasentral (SDS) i Oslo med egne linjer, men det blir nå bare en felles linje fra vegkontoret. Dette sambandet blir benyttet daglig til oppslag i motorvogn- og førerkortregisteret.

Til vegkontorets maskin er det tilkoblet et samband til Kommunedata Vestlandet i Bergen til overføring av regnskapsdata. Dette sambandet er under ombygging for også å kunne brukes til oppslag mot ajourførte planlegging-budsjettering-regnskap-data (PBR-tall). Alle disse sambandene har ført til meget store linjekostnader og linjene er dårlig utnyttet.

Som tidligere nevnt er maskinene overbelastet. Spesielt ville biltilsynet komme i en vanskelig situasjon når autosys bygges videre ut (trinn 2 og 3) i løpet av våren 1988.

Prosjektgruppe

Alle disse momentene førte til at det høsten 1987 ble satt ned en prosjektgruppe som skulle prøve å løse disse problemene. I dette arbeidet har disse vært med: Svein M. Olsen, Finn D. Eriksen, Per Skadberg, Arnulf Follaug, Kjell W. Utvaag og Bergfinn Fyljesvoll.

Prosjektgruppen fant fort ut at det måtte et stort krafttak til for at vegvesenet i Rogaland skulle klare å løse disse problemene.

Konsulent

Senere ble Jan Tore Odd fra vegkontoret i Sogn og Fjordane kontaktet for å gi råd. Han har vært primus motor for oppbyggingen av EDB-anlegget i vegvesenet i Sogn og Fjordane, og har vært en god støttespiller for prosjektgruppen. Han er engasjert som konsulent under oppbyggingen her i Rogaland.

Investeringer og tiltak

Etter å ha vurdert flere alternativ kom gruppen frem til:

1. samle alle maskinene på vegkontoret
2. oppgradere 110 cx med større hukommelse
3. oppgradere 530 cx til 550 cx
4. kjøpe ny større maskin (5700)
5. kjøpe dataveksler
6. bygge ut et godt kommunikasjonsnett innen fylke

Grunnen til at vi kjøper en så stor maskin som 5700 er at en skal klare å administrere så mange terminaler som biltilsynet har påkoblet samtidig.

I tillegg blir de tunge tekniske programmene lagt inn på denne maskinen for å få utnyttet 500 delen best mulig.

550 maskinen vil stort sett bli brukt til PBR-systemet for regnskap, og 110 maskinen vil vi bruke til tekstbehandling.


Et sentralt knutepunkt i nettet er dataveksleren som vil lette tilgangen til datamaskinene på vegkontoret. En dataveksler kan sammenlignes med en telefonsentral.

Veksleren er montert mellom brukeren og datamaskinen, og det er den du først får kontakt med når du trykker på mellomromstasten på terminalen og du kan da velge den maskinen du ønsker å arbeide mot.



DATANETT

STATENS VEGVESEN, ROGALAND



Tegnforklaring

SDS = Statens Datasentral
 KDV = Kommunedata Vestlandet
 HWB = Honeywell Bull
 □ = Modem
 ▽ = Multiplexer
 ▢ = Terminaler

64 kb/s = 64 kilobits samband
 9600b/s = 9600 bits
 1200b/s = 1200 bits

Eigenregikalkyler:

Suksess for vegvesenet i Rogaland

Av Solveig Yndesdal

Innføring av eigenregikalkyler er nytt i vegvesenet. 1987 har vore eit prøveår. Ordninga skal halda fram som fast ordning, og ein tenkjer seg at vegvesenet sjølv gir inn anbud på 10 % av arbeida som blir lyst ut på anbud. I Rogaland har vi i 1987 utført 4 arbeid som eigenregikalkyler.

Formål

Ved å rekna på eigenregikalkyler og delta i konkurransen med private entreprenører, får vi eit betre grunnlag for samanlikning mellom eigendrift —

I arbeidet med å knytte vegstasjonene, biltilsynet og vegkontoret sammen i et datanett er det lagt opp til en løsning som skal fungere rasjonelt overalt. Samtidig skal teletgiftene bli så lave som mulig. For å redusere utgiftene til leie av datalinjer, vil biltilsynet og vegstasjonene så langt det er mulig benytte de samme linjene.

I skissen er ikke de større anleggskontorene tatt med, men de kan tilknyttes etter behov.

Opplæring

For å utnytte investeringene i EDB-utstyr best mulig, er det nødvendig å bygge opp og vedlikeholde gode faglige kvalifikasjoner i bruk av program og utstyr. Dette er grunnleggende for at bruken av EDB skal bli verdifull og positiv.

Alle brukerne vil få tilbud om grunnleggende EDB opplæring i de programmene som skal brukes.

Som eksempel kan nevnes:

- Innføring i Sintran
- Innføring i Notis-wp
- Innføring i File-manager
- Opplæring i spesielle programpakker.

Noen personer har fått/må få som oppgave å fordype seg mer i EDB-rettede problem/spørsmål enn vanlige EDB-brukere.

Dette kan være:

- drift av data-anlegg
- opplæring av andre brukere
- oppbygging og vedlikehold av databaser m.v.

entreprise. Vi får dermed eit betre grunnlag til å svara på spørsmål om vi er konkurransedyktige.

Hovudhensikta med innføring av eigenregikalkyler er å setja søkelyset på vegvesenet sin effektivitet i alle ledd i organisasjonen.

Utlysing — innstilling

Anbudsdokument blir utarbeidd på vanleg måte. Vegvesenet reknar ut si eigenregikalkyle på same grunnlag som entreprenørane. Den som har det mest fordelaktige anbudet får arbeidet.

Oppfølging

Arbeidet må fylgjas opp nøye og slutt-rapporteringa er 3-delt:

• Driftsresultat:

Har vi klart å utføra arbeidet til planlagt pris? Vi samanliknar kalkyla in-

kludert tillegg/endingar mot kostnad for utført arbeid.

• Konkurranssevne:

Har vi valt den billigaste entreprenøren? Vi samanliknar her vår kalkyle mot den private entreprenøren som var innstilt på 2. plass. Begge inkludert tillegg/endingar.

• Totale produksjonskostnader:

Økonomisk sluttrapport som gir samanlikning mellom budsjettoverslag og kalkyle inkludert tillegg/endingar, pluss alle påslagskostnader.

Gode resultat

Anleggsavdelinga i Rogaland har i 1987 gitt inn anbud på 5 arbeid og fått 4 av dei. Resultata viser at alle arbeida er utført billigare enn kalkyla, og alt skulle derfor tyda på at vi er konkurransedyktige. Reaksjonane frå dei som har arbeidd på anlegga har vore positive.

Tabellen viser resultat frå anlegga

Anlegg/parsell	Type anlegg	Anbudssum	Utført kostnad
Rv 46 Nesheim-Kårhus	Utbetring veg	2.402 mill.	1.872 mill.
Fv 315 Øvre Hetland bru	Bru	0.299 mill.	0.284 mill.
Rv 46 Røynevarden	Halvbru	0.490 mill.	0.470 mill.
Rv 14 Tjensvollkrysset	Rundkjøring	0.642 mill.	0.595 mill.
SUM		3.822 mill.	3.221 mill.



Frå arbeidet med Øvre Hetland bru, som var eit av anlegga der eigenregikalkyle blei brukt.

Omorganisering av vedlikeholdsavdelingen – fase II

Av Per Kydland

Historikk

Initiativet til en omorganisering av vedlikeholdsdriften ble tatt av Vegdirektoratet for noen år tilbake. Første ledd i denne prosessen — fase I — tok for seg områdeinndelingen, driftsbygninger og ressursbehov i områdene. Hos oss skjedde den vesentlige endringen ved at antall områder ble redusert fra 7 til 6. Dirdal vegstasjon ble delt mellom Nærbø og Egersund vegstasjoner, i første omgang som en prøveordning fram til 1. april 1988, men alt tyder på at denne ordningen vil bli gjort permanent.

Neste fase, fase II, ble hos oss koblet sammen med det store personalplanleggingsprosjekt som bl.a. skulle ta for seg organiseringen av hele vegvesenet i Rogaland. Dette prosjektet startet opp høsten 1986 og ble avsluttet ved forhandlingsmøte 21. august 1987, hvor de forskjellige forslagene ble klubbet gjennom.

Mål og bakgrunn

En forutsetning i forbindelse med omorganiseringen av vedlikeholdsavdelingen har vært at organisasjonen skal bli mer resultatrettet og baseres på målstyringsprinsippet. Dessuten er det kommet sterke signaler fra sentralt hold om at det trafikkrettede vedlikeholdet skal opp-prioriteres. Vegmesterfunksjonen er forutsatt styrket ved økt kompetanseoppbygging og delegering av ansvar og myndighet.

Organisasjonsmodell

Organiseringen av vedlikeholdsavdelingen på vegkontoret er vist på figuren. Denne er navnsatt med lederne for de forskjellige seksjonene.

Seksjonen for strukturelt vedlikehold har ansvaret for:

- utbedringer
- forarbeid for dekkelegging
- dekkelegging
- oppmerking og deler av skilttingen
- systematisk vedlikehold av bruer og kaier

